

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 14.01.21

Vår ref: 2020/1585
Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

Dykkar ref: 20/24481-12

Karmøy kommune

Karmøy, Storøy – Torvastad – detaljregulering bruforbindelse 140/26 m.fl.

Viser til brev av 05.11.20, med vedlegg, frå Karmøy om ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest visar til vår uttale av 08.01.19 til Arkitektskontoret Brekke Helgeland Brekke AS:

«Ifølgje Fiskeridirektoratet sin kartdatabase er det ikkje registrert noko fiskeriinteresser i omsøkt område, men det blir òg fiska i område som ikkje er registrert der.

Ein vil minne om at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav.

Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsvardi for norsk sjømat. I tillegg er ein avhengig av å ha eigna areal å fiske på.

Med bakgrunn i ovannemnde forutset ein at massane som blir nytta til utfylling er reine, og at det blir sett inn avbøtande tiltak viss det er snakk om forureina botn. På generelt grunnlag må ein hindre unødig spreing av stein utover botn.»

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø
Dagleg leiar

Eirin Kongestøl Espeland
Rådgjevar

Kopi: Karmøy Fiskarlag, Fiskeridirektoratet region Sør
Statsforvalteren i Rogaland

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven underskrift.